



Fylkesmannen i Vestland

Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår dato:
06.05.2020

Dykkar dato:
12.01.2020

Vår ref:
2020/807

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Sunnfjord kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Sunnfjord kommunestyre har i møtet 11.12.2019, sak 38/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Sunnfjord kommune, ei samanslåing av kommunane Jølster, Gaula, Førde og Naustdal, planlegg etter innsparingar ei drift etter sin eigen handlingsregel for netto driftsresultat. Frå 2021 er resultata over 1,75 prosent av driftsinntektene, som er det anbefalte resultatet kommunane bør ligge på over tid for å ha ein sunn økonomi. Men innsparingane som bidreg til resultata, er ikkje er fordelte ut på sektorområda. Dette er i seg sjølv i strid med Robek-regelverket etter kommunelova.

Kommunen har ei lånegjeld samanlikna med driftsinntektene som ligg over landsgjennomsnittet. For å ikkje auke gjelda ytterlegare, er det er lagt til grunn ein handlingsregel om at årlege låneneopptak ikkje skal vere høgare enn det kommunen betalar i avdrag. Det er positivt at kommunen har følgt opp dette i budsjetteringa, men for å oppnå dette må det gjennomførast konkrete innsparingstiltak for reduserte utgifter eller auka inntekter.

Ved første budsjettrevisjon for 2020 og ved handsaming og vedtak av budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024, må kommunen etter regelverket følgje opp at innsparingar etter kommunestyrets prioriteringar blir fordelte på dei enkelte sektorområda. Kommunen må og følgje opp at økonomiske oversikter i budsjett 2020 og økonomiplan 2021 – 2024 blir fullstendige etter kommunelova med forskrifter.

Kommunelov med forskrift

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd,



vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskriftera for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifa § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifa § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifa § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifa § 5-7.

Sunnfjord kommune har med økonomiske oversikter drift etter forskrifa § 5-4 første ledd, men det er ikkje gjort fordeling mellom sektorane i perioden 2021 – 2023 etter § 5-4 andre ledd. Økonomisk oversikt drift etter art er utarbeidd etter tidlegare forskrift. Forskrifta opnar ikkje for at bruk av driftsfond kan førast direkte i investeringsdelen, slik som kommunen har budsjettert. Finansiering av investeringar med midlar frå disposisjonsfond, må såleis skje gjennom bruk av posten overføring frå drift.

Budsjett 2020

I 2019 slutta fellesnemnda i Sunnfjord kommune seg til ein del økonomiske handlingsreglar (finansielle måltal) nedfelt i budsjettguiden for Sunnfjord kommune. Dei viktigaste punkta her var:

- Eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter aukande frå 1,25 prosent i 2020 til 1,75 prosent i 2022.
- Stabilisering av lånegjelda (130 prosent av brutto driftsinntekter) gjennom ikkje høgare årlege låneopptak enn det kommunen betalar i avdrag.
- Stabilisering av disposisjonsfondet på 5,8 prosent av brutto driftsinntekter.

Dette bør vere grunnleggande føringar som også kommunestyret i Sunnfjord kommune drøftar og sluttar seg til.

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 26 mill. kroner, som utgjer 1,3 prosent av driftsinntektene. Dette er etter innsparinger på 12,5 mill. kroner, men beløpet er ikkje fordelt på sektorområda. Av netto driftsresultat er 26,3 mill. kroner disponert til avsetjing disposisjonsfond. Dette er midlar som skal nyttast til eigenfinansiering av investeringar. Etter førebelse Kostra-tal¹ for 2019 har dei fire kommunane til saman 103 mill. kroner i disposisjonsfond med seg over til Sunnfjord kommune. I tillegg rapporterer kommunane om eit netto mindreforbruk (overskot) etter 2019 på til saman 33 mill. kroner. Fri eigenkapital til driftsføremål i prosent av driftsinntekter er etter dette 6,2 prosent ved inngangen til Sunnfjord kommune. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 11,7 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert etter statsbudsjettet på 1 375 mill. kroner. Det er i tillegg budsjettert med 4 mill. kroner i kompensasjon for reduksjon i inntektsutjamnande tilskot etter kommunesamanslåinga. Kommunen forventar full kompensasjon berekna til 8,2 mill., men det er ut frå forsiktighetsprinsippet budsjettert med halv kompensasjon. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunens frie inntekter. For Sunnfjord auka folketalet i 2019 med 71 personar, som utgjer 0,3 prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. KS sin modell etter oppdaterte folketal per 01.01.20 viser ein prognose på 1 373 mill. kroner.

Eigedomsskatt er budsjettert med 75,3 mill. kroner, og kommunen startar i 2020 med harmonisering av eigedomsskatten mellom dei fire tidlegare kommunane. Avdrag på langsiktig gjeld er budsjettert med 80,9 mill. kroner, som gir ei gjennomsnittleg avdragstid på 30 år. Men førebelse berekningar av minste tillate avdrag etter ny kommunelov tyder på at dette må aukast. Utbyte frå eige i selskap er budsjettert med 28,5 mill. kroner, av dette 21,2 mill. frå BKK og 6,4 mill. kroner frå SF-Holding. Avkasting for

¹ Kostra-konserntal



plasserte midlar (170 mill. per oktober 2019) i verdipapir er budsjettet med ei gjennomsnittleg avkastning på 4,4 prosent, som utgjer 7,5 mill. kroner. Sum renteinntekter, avkastning og utbytte er budsjettet til 43,5 mill. kroner, mot 26,2 mill. kroner i sum for tidlegare kommunar i 2019.

Reformtilskotet på 22,3 mill. kroner som følgje av kommunesamanslåinga, er enno ikkje disponert i budsjettet.

Det er fordelt ei samla budsjettramme på 1 457 mill. kroner mellom dei ulike sektorane. Sidan 2020 er første budsjettåret for Sunnfjord kommune er det ikkje samanlikningstal frå tidlegare år, også fordi dei tidlegare kommunane hadde organisert tenestene ulikt.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 171,2 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 80,9 mill. kroner og resterande med momskompensasjon, bruk av fond, tilskot og sal av tomter/bustadar. Etter førebelse Kostra-tal² for 2019 har dei fire kommunane til saman 2,65 mrd. kroner i brutto langsigkt gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 121 prosent av brutto driftsinntekter. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo)³ er 110 prosent.

Økonomiplan 2020 – 2023

Det er i perioden 2021 – 2023 budsjettet med netto driftsresultat frå 35 mill. til 47 mill. kroner i 2023. Dette utgjer mellom 1,8 prosent til 2,4 prosent av brutto driftsinntekter. For å oppnå slike resultat etter handlingsreglane, er det for kvart av desse åra budsjettet med 25 mill. kroner i innsparingar. Men som for budsjett 2020, har ikkje kommunestyret teke stilling til korleis innsparingane skal fordelast på sektorane. Netto driftsresultat er avsett til disposisjonsfond, for så å bli nytta til eigenfinansiering av investeringar. Dette for å oppnå handlingsregelen om å stabilisere lånegjelda.

Skatt og rammetilskot er auka med ein årleg realvekst på 1,35 mill. kroner, eller 0,4 % frå 2021. Samanlikna med KS sin prognosemodell, som er i faste prisar for heile perioden (tilsvarende som for budsjettering av utgifter), aukar differansen mellom prognose og budsjettet utover i perioden. I budsjett dokumentet er det ikkje ei oversikt som viser rammer/løyvingar til kvart sektorområde i perioden 2021 – 2023. Men sum løyving netto drift for alle sektorområda er frå 2021 årleg redusert med 13 mill. kroner samanlikna med 2020.

Investeringsplanen for Sunnfjord kommune tek utgangspunkt i dei siste økonomiplanane for dei tidlegare fire kommunane, og for perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar på 467 mill. kroner. Finansieringa er låneopptak på 243 mill. kroner og resten med momskompensasjon, bruk av fond, tilskot og sal av tomter/bustadar. I 2023 er det budsjettet med midlar til to større prosjekt i Gauldal og Naustdal. Ut over dette er det ikkje teke stilling til resterande investeringsramme på 108,4 mill. kroner. Dette blir først gjort i økonomiplanprosessen våren 2020.

Fylkesmannens vurderingar

Etter budsjetterte innsparingar planlegg Sunnfjord kommune netto driftsresultat etter sin eigen handlingsregel. Frå 2021 er resultatet betre enn TBUs⁴ norm på 1,75 prosent, som er det anbefalte resultatet kommunane bør ligge på for å ta vare på kommunen sin formue over tid, opparbeide ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar. At innsparingane ikkje er fordelte ut på sektorområda, er i seg sjølv i strid med Robek-regelverket etter kommunelova. Regelverket slår fast at auka inntekter/reduserte utgifter som kommunestyret vedtar for å kunne oppnå eit budsjett og ein økonomiplan i balanse, skal fordelast på dei enkelte tenesteområda og trekkje ned dei ulike løyvingane

² og ³ Kostra-konserntal 2019

⁴ Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi



etter kommunestyrets prioriteringar. Men utan innsparingar ville kommunen likevel oppnå driftsbalanse i budsjett- og økonomiplan, men då med lågare avsetjing til disposisjonsfond og derav reduserte årlege midlar til eigenfinansiering av investeringar. Dersom innsparingane ikkje blir gjennomførte, og dette betyr eit meirforbruk i driftsrekneskapen, skal meirforbruket reduserast ved å stryke overføring til investeringar (avsetjing til disposisjonsfond). I seg sjølv betyr det manglende finansiering av investeringar.

Kommunen har ei lånegjeld samanlikna med driftsinntektene som ligg over landsgjennomsnittet. For å ikkje auke gjelda ytterlegare som får konsekvensar for kommunens handlingsrom, er det er lagt til grunn ein handlingsregel om at årlege låneopptak ikkje skal vere høgare enn det kommunen betalar i avdrag. Det er positivt at kommunen har følgt opp dette i budsjetteringa, men for å oppnå dette må det gjennomførast konkrete innsparingstiltak for reduserte utgifter eller auka inntekter.

Ved første budsjettrevisjon for 2020 og ved handsaming og vedtak av budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 må kommunen etter regelverket følgje opp at innsparingar etter kommunestyrets prioriteringar blir fordelte på dei enkelte sektorområda. Kommunen må og følgje opp at økonomiske oversikter i budsjett 2020 og økonomiplan 2021 – 2024 blir fullstendige etter kommunelova med forskrifter.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent